

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 27.03.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Kst. Administrerende direktør Ola Rye  
**SAKA GJELD:** **Høyringsuttale Helse 2035**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 016/17

**STYREMØTE:** 29.03.2017

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret stiller seg bak forslag til høyringsuttale og ber administrerende direktør oppdatere høyringssvaret i tråd med innspel som kom i møtet.

## Oppsummering

Sjukehusapotek Vest HF (SAV) er invitert av Helse Vest RHF til å kome med høyringsuttale til Helse 2035 innan 10 april i år. I saka ligg høyringsbrev, høyringsdokument, høyringsinstansar og forslag til høyringsuttale frå SAV vedlagt (vedlegg1-4). I utkast til høyringssvar gjev SAV uttrykk for at strategiplanen gjer godt greie for utfordringar, mål og tiltaksområder i helsetenesta. Ein peikar på at SAV kan være ein viktig bidragsytar til å realisere Helse 2035 strategien og å optimalisere pasientbehandlinga innan legemiddelområdet. I forslag til høyringsuttale legg ein vekt på at best mogeleg helseteneste krev god styring og samhandling mellom sjukehusapotek og sjukehusføretak, og ein føreslær at det vert utarbeidd ein fagplan som grunnlag for samhandling og satsingar på legemiddelområdet. Støtteselskapa til spesialisthelsetenesta er kort omtala og SAV føreslær i forslag til uttale at funksjonar som inngår i støtteselskapa vert tydeleggjort. SAV føreslær og at sjukehusapotek vert framstilt i dokumentet som ein del av spesialisthelsetenesta. I forslag til uttale viser ein til at SAV er i gang med eige strategiarbeid der Helse 2035 vert lagt til grunn og at ein ynskjer god dialog med Helse Vest RHF og sjukehusføretaka om denne.

## Fakta

Styret i Helse Vest RHF vedtok 2.februar 2017 å sende utkast til ny strategi, Helse 2035 – strategi fort Helse Vest, ut på høyring. SAV er invitert til å delta i høyringa med høyringsfrist 10.4.2017 (sjå vedlegg 1-3 om høyringsbrev, høyringsdokument og høyringsinstansar).

Helse 2035 bygger på dagens strategidokument, Helse 2020, men er ei ny og omfattande revidering som rettar seg etter føringane i Nasjonal helse og sjukehusplan (2016-2019).

Strategien er temabasert, der strategiske områder som er i stor endring er løfta fram medan tema som er grunnleggande for verksemda i mindre grad er omtalte. Sjølv om tema er komplekse og omfattande er det lagt vekt på strategien skal være kort og overordna der fokus er retta mot dei største mogelegheitene og utfordringane, og det å finne dei satsingane som gjev største mogeleg gevinst for pasientane. Strategien dannar grunnlag for regionale fag- og funksjonsplanar som går djupar inn på det enkelte fagområdet. I tillegg skal kvart føretak utarbeide sine egne strategiar og planar som er lokalt tilpassa.

Alt materiell som er utarbeida i samband med Helse 2035 er tilgjengeleg på Helse Vest sine nettsider <https://helse-vest.no/om-oss/mal-og-strategiar/helse2035>.

I høyringsbrevet ber Helse Vest interne spesielt om innspel på tema leiing, medarbeiderskap og organisering, og vidare korleis foretaksgruppa saman kan skape pasientens helsetenester og løyse utfordringane knytt til auka behov for helsetenester.

## **Kommentar**

SAV viser i forslag til høyrings svar (vedlegg 4 ) til at føretaket har vore ein aktiv deltakar i strategiarbeidet og at strategien har vore handsama både på styreseminar i mars i år og i SAV si leiargruppe samt vore drøfta med tillitsvalde og vernetenesta. I utkast til høyrings svar gjev SAV uttrykk for at strategiplanen gjer godt greie for utfordningar, mål og tiltaksområder i helsetenesta. Ein peikar på SAV som støtteselskap til kjernedrifta på sjukehusa kan være ein viktig bidragsytar til å realisere Helse 2035 strategien og optimalisere pasientbehandlninga. Dette gjeld spesielt innan å trygge legemiddelleveransar og beredskap, sikre pasienttryggleik, i styring av legemiddelkostnader og i arbeidet med reduksjon i bruk av antibiotika. Ein peikar og på at SAV har kunnskap innan legemiddellogistikk som er viktig til dømes ved planlegging av nye sjukehus, og ved val av system som kan realisere auka bruk av ein-dose og mogeleggjere lukka legemiddelsløyfe.

SAV legg i høyringsuttalen vekt på at best mogeleg helseteneste til pasientane krev god styring og samhandling mellom sjukehusapotek og sjukehusføretak og at dette vil gje retning for kva kapasitet og kompetanse sjukehusapotekføretaket skal ta sikte på å ha i åra som kjem. I dette arbeidet ser Sjukehusapoteka Vest at det vil være nyttig å lage ein fagplan på legemiddelområdet som grunnlag for satsingar innan dette fagfeltet i Helse Vest.

Støtteselskapa er kort omtala i høyringsdokumentet. SAV føreslær i forslag til uttale at funksjonar som inngår som støtte til kjernedrifta på sjukehusa tydeleggjort. SAV peikar og på at sjukehusapotek er ein del av spesialisthelsetenesta og føreslær at figur som viser dei ulike tenestene inkluderer sjukehusapotek som ein del av denne. Til slutt i uttalen viser ein til at SAV er i gang med eige strategiarbeid der Helse 2035 vert lagt til grunn og at ein ynskjer god dialog med Helse Vest RHF og sjukehusføretaka om denne.

## **Konklusjon**

SAV er invitert til å kom med uttale i samband med høyring av Helse 2035 strategien. Forslag til høyringsuttale ligg ved saka. Frist for å sende høyringsuttalen til Helse Vest er 10 april i år.

## **Vedlegg**

1. Høyringsbrev Helse 2035
2. Høyringsdokument Helse 2035
3. Høyringsinstansar Helse 2035
4. Forslag til høyrings svar frå styret i Sjukehusapoteka Vest HF